



Daniel Bernal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1978 - 19/20856

Saksbehandlar:

Eirik Bouwer Utne

eirik.utne@meland.kommune.no

08.10.2019

Vurdering - nyare tids kulturminne - turveg Fosse/Langeland

Visar til planlegging av lyssett turveg på Storeknappen, mellom Fossemyra idrettsanlegg, Fossesjøen og Frekhaug.

Kulturtenesta har gjennom kulturminneregistreringar og arbeid med tilrettelegging for friluftsliv vore på fleire synfaringar i området. Det har inntil dei siste åra her vore tett planteskog, som framleis står i sørdelen av området. Området har få synlege kulturminne, truleg grunna kort veg til tuna i nord og vest når det gjeld beitedyr/mjølking, små torvressursar og at vegfara gjekk over Kleivane på Nedre Sagstad eller langs fjorden mot Fossesjøen.

Når det gjeld nyare tids kulturminne er det kjend tre grunnar etter bygningar, i nærleiken av traseen:

1. SEFRAK – 1256 020 5137 – torvhus (grunne), Langelandsskogen. Grunna ligg noko sør for trase og vert ikkje rørt av tiltaket. Grunna bør nyttast til formidling i høve friluftsbuena i området
2. SEFRAK – 1256 020 5080 – husmannsplass (truleg), Fosse. Grunna ligg noko nordvest for trase, og vert ikkje rørt av tiltaket
3. Torvhus (grunne) Langelandsskogen. Er ikkje registrert i SEFRAK, ligg ved tursti, på kring 130 meters høgde ASA for Storeknappen, i sørkant av myrdraget sør for Storeknappenryggen. Grunna vert ikkje rørt av tiltaket. Grunna bør nyttast til formidling i høve friluftsbuena i området

Det er elles kjend somme steingardar i området. Med unntak av steingarden aust for Fossemyra idrettspark, og som markerer grensa mellom Langeland og Fosse, er steingardane fragmentert og i dårleg stand. Steingardane vert ikkje rørt av tiltaket.

Den eldre utmarksvegen frå Langeland har nokre tørrmurte partier i nordkant av myrdraget nord for fylkesvegen. Veggen vert nytta til friluftsførmål i dag, noko som vil fortsetje ved gjennomføring tiltaket.

Det er ikkje kjend for kommunen automatisk freda kulturminne i overflaten.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Multiconsult v/Hector Pina Barrios

Mottakere:
Daniel Bernal